



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Boge, Jan Erik	Arkivkode: FE - 122, FA - V00
Arkivsaksnr: 18/278	Løpenr: 18/3615
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	26.04.2018	016/2018

Høring om Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022

26.04.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Landbrukssjef Øystein Svalheim orienterte innleiingsvis om temaplanen og om Bjørnefjorden landbrukskontor sine synspunkt på noko av innhaldet i planen.

Øyvind Røen (Sp) og Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ber om at desse punkta vert arbeidde inn i planen:

Sauedrift

I dag er produksjonen av kjøtt frå sau og lam for lite berekraftig og må leggjast om.

1. Avlsarbeidet må endrast slik at det vert mindre vanleg for ei for ei søye å få meir enn to lam.. Dette er viktig både for dyrevelferda og for å unngå overproduksjon. Då vil ein òg redusera bruken av tilleggsfôr (mjølkeerstatning og kraftfôr) til lamma for å få dei slaktemogne.

2. Klassifiseringa av slakt (EUROP) bør endrast, slik at ikkje kravet til kjøtfylde er så strengt. I dag stimulerer denne klassifiseringa til intensiv bruk av kraftfôr før slakting.

3. Produksjonstilskotet frå staten bør leggjast om, slik at det vert mindre attraktivt med mange lam pr. søye.

Tilskot til driftsbygningar

Det er viktig for landbruket i Hordaland å ta vare på dei mindre bruka. Det er difor avgjerande at sauehald med færre enn 100 vinterfora dyr og får tilskot til fornying/nybygg av driftsbygningar.

Skogsvegar

Mykje av skogen i Hordaland står unytta. Det trengst tilskot til enkle skogsvegar for å henta ut meir av denne skogen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 016/2018 Vedtak:

Samnanger kommune ber om at desse punkta vert arbeidde inn i planen:

Sauedrift

I dag er produksjonen av kjøtt frå sau og lam for lite berekraftig og må leggjast om.

1. Avlsarbeidet må endrast slik at det vert mindre vanleg for ei for ei søye å få meir enn to lam.. Dette er viktig både for dyrevelferda og for å unngå overproduksjon. Då vil ein òg redusera bruken av tilleggsfôr (mjølkeerstatning og kraftfôr) til lamma for å få dei slaktemogne.
2. Klassifiseringa av slakt (EUROP) bør endrast, slik at ikkje kravet til kjøttfylde er så strengt. I dag stimulerer denne klassifiseringa til intensiv bruk av kraftfôr før slakting.
3. Produksjonstilskotet frå staten bør leggjast om, slik at det vert mindre attraktivt med mange lam pr. søye.

Tilskot til driftsbygningar

Det er viktig for landbruket i Hordaland å ta vare på dei mindre bruka. Det er difor avgjerande at sauehald med færre enn 100 vinterfora dyr og får tilskot til fornying/nybygg av driftsbygningar.

Skogsvegar

Mykje av skogen i Hordaland står unyttta. Det trengst tilskot til enkle skogsvegar for å henta ut meir av denne skogen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som er vedlagt:

Brev frå Bjørnefjorden landbrukskontor
Høyringsnotat frå Bjørnefjorden landbrukskontor
Skjermdump frå Hordaland fylkeskommune sine nettsider
Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022

Kva saka gjeld:

Hordaland fylkesting vedtok 07.03.2018 å senda «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» ut på høyring. Høyringsfristen er 01.05.2018. Temaplanen følgjer vedlagt.

Bjørnefjorden landbrukskontor kjem til å gje høyringsuttale til temaplanen. I brev frå landbrukskontoret datert 16.04.2018 vert Samnanger kommune v/ordførar og rådmann invitert til å

koma med innspel til eit høyringsnotat som landbrukskontoret har utarbeidd. Både brevet og høyringsnotatet følgjer vedlagt. Frist for å koma med innspel til høyringsnotatet er 24.04.2018. Dette betyr at kommunestyret i Samnanger, som ikkje har møte før 26.04.2018, i utgangspunktet ikkje har moglegheit til å gje innspel til landbrukskontoret sitt høyringsnotat.

Det går fram i avtale mellom Fusa, Os, Samnanger og Tysnes at Bjørnefjorden landbrukskontor skal ta hand om alle kommunale tenester innan jord, skog og utmark samt miljøsaker knytt til desse fagområda. Administrasjonen antar at Samnanger kommunestyre likevel vil ha høve til å gje høyringsuttale i denne saka, dersom kommunestyret ønskjer det. Kommunestyret må i så fall vedta ein uttale i sitt møte 26.04.2018, for å rekka høyringsfristen 01.05.2018.

Vurderingar og konsekvensar:

Rådmannen har ikkje utgreidd denne saka, og gir heller ikkje tilråding i saka. Det vert vist til dei vedlagte dokumenta for nærmare informasjon om kva saka gjeld og kva vurderingar Bjørnefjorden landbrukskontor har gjort.